

Hei.

Eg viser til dykkar tlf-henvending til meg, først 10.04. der de la fram ønskje om eit møte - og dykkar påfølgjande skriftlege henvending av 24.04. samt ny tlf-henvending 04.05.

Som eg poengterte i tlf.samtale 10.04. forelegg det frå mi side eit svært godt, og for Eikevik økonomisk gunstig, framlegg til vegavtale for ny trase, jfr. mitt tidlegare brev til LK. Eg understreka at eg står fast ved denne avtalen, og kan vanskeleg sjå noko justeringspotensiale. Bad difor om at Harris/Eikevik forhold seg til denne avtalen, og at eventuell tilbakemelding frå Harris/Eikevik måtte ha utg.punkt i den.

### **Dykkar tilbakemelding av 24.04. - min kommentar:**

Eg konstaterer at innspela frå Harris/Eikevik av 24.04. er gjennomgåande anten urimelege, dvs dei står ikkje i noko rimeleg forhold, og/eller dei er irrelevante i forhold til det saka dreier seg om. Det saka dreier seg om er kun dette: vidareføring av eksisterande **vegrett på 2 m** og etablering av **ny stikkveg for 99/4 innafor denne vegretten**.

Om 99/1 sitt avtaleforslag skulle innebere ein breiare og betre veg for 99/4, er servituttet framleis kun **2 m vegrett**. Om 99/1 er generøse nok til at dei utan vederlag tåler ei dobling av vegbana over sitt bruk, og på same tid lar 99/4 ta i bruk 99/1 si opparbeidde vegbane fram til ny stikkveg, så er servituttet framleis ein 2 m vegrett.

Andre moment enn det som omhandlar **veg** og **stikkveg** må haldast utanfor denne avtalen, og handsamast i dei fora der dei hører heime. Det er uaktuelt å gje Eikevik mandat til å utføre ekstra arbeid på eksisterande veglegeme utan godkjenning frå 99/1. Og det er grunneigar, 99/1, som åleine har mandatet i forhold til dialog og kontakt med Statens Vegvesen når det gjeld avkøyrsla til hovudvegen. Svært viktig at dette vert respektert, då avkøyrsla også innbefattar verna kulturminne i form av Den Trondhjemske Postvei.

### **Fordelaktig avtale for Eikevik**

99/4, med vegrett på **2 m**, vert **i min avtale tilbydd vederlagsfri bruksrett** til 217 meter gratis opparbeidd heilårs gardsveg i **4 m** breidd inkl. skuldre. Resterande veg å opparbeide for 99/4 si **eiga** rekning vert då **40 meter kortare enn alternativet**. Dette er ein økonomisk **svært** gunstig avtale for Eikevik, som på toppen får ein **totalt 70 m kortare** og ein langt meir **funksjonell veg**. Med den foreliggjande avtalen har 99/1 strekt seg langt for å gje Eikevik ein god avtale, og for at 99/4 skal kome godt ut av det.

Når det gjeld øvrige punkt i dykkar skriv av 24.04. framstår dei generelt så urimelege at dei ville ha forringa 99/1 sine rettar heilt vesentleg. Eg unnlet difor å kommentere på annan måte enn dette, og opprettheld min eigen veg-avtale, no i ei lett revidert utgåve, sjå vedlegg. Kartbilag vedr. stikkveg blir ettersendt.

Med vennleg helsing  
Elin H. Fanebust